



Retningslinjer for samarbeidsutval - grunnskulane og barnehagane i Lærdal kommune

SKULE

Bakgrunn:

Opplæringsloven slår fast:

11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Endra med lov 16 apr 1999 nr. 18 (ikr. 1 juli 1999, etter res. 16 apr 1999 nr. 388).

§ 11-1a. Skolemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foredrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foredrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

Føyd til med lov 17 juni 2005 nr. 105 (ikr. 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

Rådmannen gjer framlegg om at samarbeidsutvalet også er skulemiljøutval på skulane.

**Felles retningslinjer for samarbeidsutval ved grunnskulen i Lærdal:
(heretter vil samarbeidsutval – SU – også innebere skulemiljøutval)**

- SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen, og skal uttale seg om kvalitetsvurdering / læringsmiljø, skolen sitt utviklingsarbeid, budsjett, organisering av skuledagen og saker skulen får til høyring. Foreldre, personale og elevar skal haldast orientert om saker SU handsamar.
- SU skal uttale seg om alle saker som gjelder skulemiljøet, jf. Kap 9a i Opplæringsloven.
- Rektor er ansvarleg for SU sin sekretærfunksjon.
- SU si funksjonstid føl skuleåret, og rektor har ansvar for at det vert kalla inn til konstituerande møte i SU innan utgangen av september. Ein bør så langt det let seg gjere unngå at alle representantane i SU vert skifta ut samstundes.
- SU er eit rådgjevande organ og det skal førast møtebok for kvart møte.
 - Møteboka skal minimum innehalde:
 - Opplysningar om tid og stad for møtet
 - Kven som møtte og kven som var fråverande
 - Kva saker som vart handsama
 - Kort om diskusjonen og kva råd samarbeidsutvalet vil gi i den einkilde saka.
 - Utskrift av møteboka skal sendast til representantane og godkjennast og underskrivast av leiar og sekretær i neste møte. Referat frå møta i SU skal i tillegg sendast til skuleeigar ved kommunalsjef for oppvekst.
- SU skal ha minimum to møte i løpet av skuleåret, og det skal lagast ein møteplan for kvart skuleår. Møteplanen skal godkjennast i møtet i september.
- Rektor som sekretær og SU sin leiar set i samarbeid opp sakliste for kvart møte. Innkallinga skal sendast til medlemmer og varamedlemmer minst ei veke på førehand. Innkallinga skal innehalde eit oversyn over sakene med ein forklarande tekst til kva sakene gjeld, og eventuelle vedlegg som opplyser saka meir skal leggjast ved. Innkallinga og referatet skal leggast ut på skulane sine heimesider.

BARNEHAGE:

Lov om barnehager (barnehageloven).

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Samarbeidsutvalet i barnehagane skal vere samansett av to representantar for foreldrerådet, to for dei tilsette og ein for eigar (vald av kommunestyret). Styrar er sakshandsamar/sekretær for utvalet.

SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld barnehagen og skal uttale seg om kvalitetsvurdering / læringsmiljø, barnehagens strategi og utviklingsarbeid, budsjett og saker barnehagen får til høring. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet.

- Styrer er ansvarleg for SU sin sekretærfunksjon.
- SU si funksjonstid føl barnehageåret, og styrar har ansvar for at det vert kalla inn til konstituerande møte i SU innan utgangen av september. Ein bør så langt det let seg gjere unngå at alle representantane i SU vert skifta ut samstundes.
- SU er eit rådgjevande organ og det skal førast møtebok for kvart møte.
 - Møteboka skal minimum innehalde:
 - Opplysingar om tid og stad for møtet
 - Kven som møtte og kven som var fråverande
 - Kva saker som vart handsamar
 - Kort om diskusjonen og kva råd samarbeidsutvalet vil gi i den einskilde saka.
 - Foreldre og personale skal haldast orientert om saker SU handsamar
 - Utskrift av møteboka skal sendast representantane og godkjennast og underskrivast av leiar og sekretær i neste møte. Referat frå møta i SU skal i tillegg sendast til barnehageeigar ved kommunalsjef for oppvekst.
- SU skal ha minimum to møte i løpet av barnehageåret og det skal lagast ein møteplan for kvart barnehageår. Møteplanen skal godkjennast i møtet i september.
- Styrer som sekretær og SU sin leiar set i samarbeid opp sakliste for kvart møte. Innkallinga skal sendest til medlemmer og varamedlemmer minst ei veke på førehand. Innkallinga skal innehalde ein oversyn over sakene med ein forklarande tekst til kva sakene gjeld, og eventuelle vedlegg som opplyser saka meir skal leggjast ved.
- Innkalling og referat frå møta skal leggjast ut på barnehagane sine heimesider.